



## Saksprotokoll

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 02.11.2016

**Sak nr.:** 16/7528-4  
**Internt I.nr.** 37239/16

**Sak:** 110/16

**Tittel:** **Høyring: Anbefalinger til tiltak for utvikling av ferjemarkedet på lang sikt**

**Behandling:**

**Frå hovudutvalet for samferdsle låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev fylgjande fråsegn til «*Anbefalinger til tiltak for utvikling av ferjemarkedet på lang sikt*»:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at Statens vegvesen tar initiativ til å utarbeide ein strategi for kjøp av ferjetenester på riks - og fylkesveg.
2. Det er ein klar føresetnad at fylkeskommunane, som står for innkjøp av mesteparten av ferjetenestene i Noreg, deltek i arbeidet med utarbeiding av strategi på lik linje med Statens Vegvesen. Ved framtidige felles standardar, må det må vere rom for å gjere tilpassingar i innkjøpa knytt til lokale behov.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner det bør vere eit samarbeid mellom fleire familjø på innkjøp av ferjetenester for å auke kvaliteten på gjennomføring og oppfølging av ferjekontraktar.
4. I det vidare arbeidet med tiltak for utvikling av ferjemarknaden må det takast omsyn til inntektssystemet slik at det er samsvar mellom løvning ar og ansvar. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg og til grunn at det også på lang sikt, skal vere samsvar mellom eigarskap av strekningane og innkjøp av ferjetenester.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at Statens vegvesen skal gjennomføre tiltak internt for å sikre betre og meir profesjonelle innkjøpsprosessar. Det er naturleg at oppbygging av kompetansemiljø knytt til SVV sine innkjøp er desentralisert og ligg der det er geografisk flest kjøp og kjennskap til marknaden.
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at Statens vegvesen får ansvar for å utarbeide IKT - løysingar som gjer at vi får betre datagrunnlag for drift av både riks - og fylkesvegferjekontraktane.

**Endringsframlegg:**

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg:

Endring i pkt 5 i tilrådinga frå HS: Set punktum etter desentralisert, stryk «og ligg der det er geografisk flest kjøp og kjennskap til marknaden»

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg:

Nytt pkt 7: For å ma. kunne sette nye og strenge miljøkrav ser Sogn og Fjordane fylkeskommune det som positivt at staten vil utgreie og gjere forsøk med alternativt eigarskap til ferjemateriell.

**Avrøyting:**

Framlegget frå Arbeidarpartiet vart samråystes vedteke. Tilrådinga frå hovudutvalet for samferdsle, med endringa i pkt. 5, vart deretter samråystes vedteke.

Framlegget frå Kristeleg Folkeparti fekk 1 røyst, frå Trude Brosvik, og fall.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev følgjande fråsegn til «*Anbefalinger til tiltak for utvikling av ferjemarkedet på lang sikt*»:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at Statens vegvesen tar initiativ til å utarbeide ein strategi for kjøp av ferjetenester på riks - og fylkesveg.
2. Det er ein klar føresetnad at fylkeskommunane, som står for innkjøp av mesteparten av ferjetenestene i Noreg, deltek i arbeidet med utarbeiding av strategi på lik linje med Statens Vegvesen. Ved framtidige felles standardar, må det vere rom for å gjere tilpassingar i innkjøpa knytt til lokale behov.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner det bør vere eit samarbeid mellom fleire familjø på innkjøp av ferjetenester for å auke kvaliteten på gjennomføring og oppfølging av ferjekontraktar.
4. I det vidare arbeidet med tiltak for utvikling av ferjemarknaden må det takast omsyn til inntektssystemet slik at det er samsvar mellom løyingar og ansvar. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg og til grunn at det også på lang sikt, skal vere samsvar mellom eigarskap av strekningane og innkjøp av ferjetenester.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at Statens vegvesen skal gjennomføre tiltak internt for å sikre betre og meir profesjonelle innkjøpsprosessar. Det er naturleg at oppbygging av kompetansemiljø knytt til SVV sine innkjøp er desentralisert.
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at Statens vegvesen får ansvar for å utarbeide IKT - løysingar som gjer at vi får betre datagrunnlag for drift av både riks - og fylkesvegferjekontraktane.